



Hustadvika kommune
Tingplassen 1
6440 ELNESVÅGEN

Dykkar ref: 2020/34	Dykkar dato: 19.02.2024	Vår ref: 24/6382 - 24/25059	Vår saksbehandlar: Ingeborg Forseth - 712 80 155	Dato: 27.02.2024
---------------------	-------------------------	-----------------------------	--	------------------

Hustadvika kommune - detaljregulering - reguleringsplan for Jendemshagen II - fråsegn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Saka gjeld detaljregulering for Jendemshagen II ut til 2. gangs offentleg høyring og offentleg ettersyn.

Vi hadde i vårt fråsegn 08.07.2020 merknadar knytt til føresegnene, samferdsel og kvalitetskrav knytt til nærleikeklassane. Desse ser ut til å vere tatt omsyn til.

Vi har elles ut frå våre ansvarsområde ingen merknader.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Norges Vassdrag- og
energidirektorat
Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal